

# Framtidsretta forsking på Sandane

Nakkeslengpasientar skal få tilrettelagt behandling. Eit forskingsprosjekt skal i gong ved Firda fysikalsk-medisinsk senter (FFMS) for å klargjere effekten av senterets behandling av nakkeslengskader.

Av: Runa Victoria Engen

Medan resten av det offentlige helsevesenet har gitt opp nakkeslengpasientar kan dei reise til Sandane og få behandling av manuellterapeut Bertel Rune Kaale ved FFMS. Han har forska på denne typen nakkeskader i 12 år og tilbyr ei skreddarsydd behandling som har hjelpt mange tilbake til eit normalt liv.

## Kostbart

Per i dag må pasientar ved klinikken dekke reise og opphold sjølv fordi Rikstrygdeverket berre dekkar reisa til nærmeste manuellterapeut. Med resultatet frå prosjektet som grunnlag ynskjer helsemyndighetene no å legge tilrette ei behandling for denne pasientgruppa.

Forskningsprosjektet har som mål å dokumentere effekten av behandlinga, og er nødvendig fordi Kaale er i ferd med å ta doktorgrad i diagnostisering av nakkeslengskader, ikkje i behandling av det.



Foto: Arne Stubhaug  
SKREDDARYDD: Mange reiser langt og må betale dyrt for å få behandling hos Kaale ved FFMS.



Foto: Arne Stubhaug GOD BEHANDLING: Manuellterapeut Bertel Rune Kaale har vore veien tilbake til arbeid for mange med nakkeslengskadar.